

Til
Kunnskapsministeren

Biblioteka i grunnskulen og vidaregåande opplæring – tenester, utfordringar og ansvar

Fylkesbiblioteksjefkollegiet er uroa over tilstanden til skulebiblioteka i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Strategiane for utvikling av skulebibliotek er svakt forankra hos skuleeigarane, og graden av forplikting er svak. Universitets- og høgskulesektoren klagar på ferske studentars manglande evne til å søkje informasjon og orientere seg i litteraturen. Dei spør kvifor elevane ikkje har lært seg dette i løpet av tolv års skulegang.

Det er grunnskulen og den vidaregåande skulen som legg grunnlaget for informasjonskompetanse, leseferdigheiter og bibliotekbruk seinare i livet. Vi har eit godt kunnskapsgrunnlag for kva gode skulebibliotek bør innehalde og kva dei betyr for den faglege og sosiale utviklinga til elevane, men denne kunnskapen har i liten grad blitt overført til skulekvardagen. Ei uklar ansvarsdeling mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet har vore til hinder for utviklinga av gode skulebibliotek. I dag har til dømes Nasjonalbiblioteket ansvar for skulebibliotekstatistikken. Dette er uheldig, all den tid det er skulemyndigheitene som styrer og kontrollerer skulane. Skulane bør rapportere til den myndigheita som finansierer dei, altså Kunnskapsdepartementet.

Opplæringslova med forskrift slår fast at alle elevar skal ha tilgang til eit bibliotek i skuletida og at biblioteket skal vere særskilt lagt til rette for skulen (Opplæringslova § 9-2, Forskrift til opplæringslova § 21-1). Det er såleis ikkje tvil om at grunnskulane og dei vidaregåande skulane skal ha bibliotek eller avtale om bibliotektenester med eit anna nærliggande skule- eller folkebibliotek. Det er òg eit tydeleg krav at biblioteket skal vere målretta mot pedagogisk arbeid.

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utvikling (NIFU) peikar i sin evalueringsrapport av Program for skulebibliotekutvikling 2009-2013 på at mange skular framleis manglar eit fungerande bibliotektilbod. Skuleprosjekta i programmet vert vurderte som vellukka, men for landet samla sett er det ein «nedgang snarere enn økning over tid i skolebibliotektilbudet i Norge slik det erfares og vurderes på skolenivå og skoleeiernivå gjennom Spørsmål til skole-Norge 2009 og 2013 sett i forhold til Møreforsknings studie i 2007» (s. 13).

NIFU forklarar situasjonen m. a. med mangel på politisk prioritering og system for kunnskapsdeling. Det manglar klare retningslinjer for kva som ligg i kvalitetsomgrepet når det gjeld skulebibliotek. Gjennomgang av lov og forskrift var opphavleg ein del av programmet, og skulle følgjast opp av departementet, men nye retningslinjer har ikkje kome. NIFU rår til at «Kunnskapsdepartementet vurderer om opplæringsloven bør være tydeligere på at skoler skal ha skolebibliotek der skolebibliotekar har bibliotekfaglig kompetanse og bemanning i skolens åpningstid. Likeledes at det defineres hvilke krav det nasjonalt settes til utrusting av et skolebibliotek, samt en tydeligere presisering av at skolebibliotek og folkebibliotek skal samarbeide om utbygging av skolebibliotek og integrering av skolebibliotek i det pedagogiske arbeidet...» (s. 13).

Den største utfordringa for skulebiblioteka er at det sjeldan blir diskutert i forum med fullmakt til å ta strategiske avgjerder. Fylkesbiblioteksjefkollegiet trur forklaringa på at opplæringslovas krav om

skulebibliotek ikkje vert følgt godt nok opp, ligg i manglande forståing hos skuleeigar og skuleleiar både om kva som kjenneteiknar eit godt fungerande skulebibliotektilbod og om kven som faktisk har ansvar for skulebiblioteka. Den strategiske diskusjonen om skulebibliotek må gå føre seg på leiarnivå i skule- og opplæringssektoren, blant rektorar og skulesjefar. Det er òg behov for å styrkje kompetansen om skulebibliotek i fylkeskommunane og hos fylkesmennene. Utdannings- og opplæringsavdelingane må vite kva dei skal sjå etter og korleis dei skal følgje opp skulebiblioteka. Det må definerast tydelegare kva som ligg i forskrifta si formulering om at bibliotek som skal nyttast i skulen, skal vere særskilt tilrettelagt.

Samstundes som Program for skulebibliotekutdanning er avslutta, har Utdanningsdirektoratet lagt ned Kompetansenettverk for skulebibliotek og læremiddelkunnskap, som samla representantar for lærar- og bibliotekarutdanningsinstitusjonane. Institusjonane sitt ansvar for å inkludere bruk av skulebibliotek i lærarutdanninga var m.a. eit tema. Nye lærarar må ha kunnskap om bibliotek som pedagogisk verktøy når dei skal ut i skulen. Det trengs nasjonale føringar om bibliotek som tema i studieplanane for lærarutdanningsinstitusjonane. Etter nedlegginga av kompetansenettverket bør det vidare avklarast kven som har nasjonalt ansvar for å utvikle konkrete opplegg for kompetanseheving på skulebibliotekfeltet.

Utdanningskomiteen peikar i sin merknad (Innst. 19 S – 2016–2017) til *St.meld. 28 (2015–2016) Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet* på at skulebiblioteka skal vere ein ressurs i undervisninga: «Komiteen viser til at retten til tilgang til skulebibliotek er lovfestet i opplæringsloven. Skulebibliotekene er og skal være en læringsarena i og på tvers av alle fag, og et samlingspunkt som både formidler litteratur og digitale læringsressurser, uavhengig av lesenivå og funksjonsnivå. Komiteen vil understreke viktigheten av at skulebibliotekene blir brukt systematisk i opplæringen, at de styrker sin pedagogiske rolle og blir en integrert del av skolens opplæringsvirksomhet. I tillegg til ferdighetsutvikling kan gode skulebibliotek være en inkluderingsarena som bidrar til å utjevne sosiale, kulturelle og digitale skiller, og som fremmer personlig vekst hos den enkelte elev.»

Fylkesbiblioteksjefkollegiet ber kunnskapsministeren om:

- å tydeleggjere ansvaret for skulebiblioteka på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå
- å gje klare føringar for kva skulebiblioteka skal innehalde og korleis dei kan integrerast i det pedagogiske tilbodet i skulen
- å etablere krav til rapportering av skulebibliotektenesta på lik linje med anna pedagogisk verksemd
- å gje eit av universiteta/høgskulane eller dei nasjonale sentra (til dømes Universitetet i Agder eller Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger) ansvaret for å løfte fram og drøfte skulebibliotekfaglege problemstillingar på nasjonalt nivå
- å gje eit av universiteta/høgskulane eller dei nasjonale sentra i oppdrag å definere klare mål for elevanes informasjonskompetanse på dei ulike nivå

På vegne av fylkesbiblioteksjefkollegiet, samla til møte i Asker 25.oktober 2016,
Ruth Ørnholt
Leiar

Kopi: Kyrkje- utdannings og forskingskomiteen, Utdanningsdirektoratet, Kulturdepartementet,
Nasjonalbiblioteket